Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

LÆGREID SKULE

LÆRINGSMILJØ MED VEKT PÅ KLASSELEIING

07.11.11 – 10.11.11

Lægreid skule
rektor:Dagny Opedal
Adresse:skulevegen 3, 5783 Eidfjord
e-post: postmottak@eidfjord.kommune.no

Lægreid skule
07.11.11 – 10.11.11

Innhaldsliste:

1. Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!
2. Fakta om skulen/vurderingstema
3. Vurdering
4. Glansbilde
5. Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet
6. Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet
7. Vidare arbeid

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan for vurdering av Lægreid skule
3. Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga
4. Metodar

1 - Eit framtidsretta vedtak i Hardanger / Voss regionen!

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) ”Mot rikare mål”, vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: ”Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid”. Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidsretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg sværrt levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.
Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 ”Førsteklasses fra 1. klasse”.
Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) ”Kultur for læring”, som var forløparen til ny læreplan, ”Kunnskapsløftet” (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.
Barnehagane i regionen vert også vurdet etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få ”auge utanfrå”
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?
12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?
- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, ”Ståstedsanalysen” og ”Elevundersøkelsen”.
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil sei kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten
På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen
Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

Skulevurdering

2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Lægreid skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule. Skulen vart ferdig bygd i 1967. Elevane som skulle starte på ungdomsskulen måtte reise til Kinsarvik. Men i 1975 vart skulen bygd om, og skulen vart og ein ungdomsskule. Fram til 2006 var det to skular i Eidfjord kommune, Lægreid skule i Eidfjord og Sæbø skule i Øvre Eidfjord. Skuleåret 2006 – 2007 vart alle borna i kommunen samla på Lægreid skule. Skulen ligg vakkert til med tilhøyrande leikeareal, idrettsplass, basseng og idrettshall.
Skuleåret 2011/12 har skulen 114 elevar. Elevtalet har gått ein del tilbake dei siste åra, men auka igjen dette året. Utviklinga framover ser ut som at elevtalet vil liggja på omlag 110 elevar. Det er omtrent 17,5 lærarårsverk inkludert rektor og inspektør. I tillegg er det tilsett 8 assistentar frå 50% til 100% stilling.
Skulen er i den heldige situasjonen at han har høgt utdanna personale.
Lærarane er organiserte i tre bolkar:
- 1.- 4. klasse
- 5. – 7. klasse
- 8. – 10. klasse

Leiar frå kvar bolk samt inspektør og rektor utgjer leiarteamet/plangruppa på skulen.

Lægreid skule sin pedagogiske plattform er:

Me skal framstå som <u>ein</u> skule, og presentera oss på ein positiv måte for heimen og bygda.
Me skal leggja til rett for fagleg heilskap gjennom heile skuleløpet.
Me skal arbeida for eit inkluderande læringsmiljø.
Me skal ha positiv fokusering på reglar for orden og framferd.
Me skal handheva reglane likt.
Me skal stå fram som tydelege leiarar og førebilete for elevane.
Me skal ha felles arrangement/tiltak som involverer heile skulen.
Me skal ha fokus på læring og læringsstilar.

3 – Vurdering



4 - Glansbilde

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Kriterium	*Teikn på god praksis*
Klasseleiaren er tydeleg	- læraren møter presis - læraren er godt førebudd - læraren har tydeleg oppstart av timen - læraren møter elevane med augnekontakt - elevane får tydelege mål med timen - elevane får tydelege instruksjonar - elevar og lærar meistrar abeidsmåtane
Det er eit godt klassemiljø	- elevane er trygge på kvarandre - elevane er trygge på lærar - læraren er støttande til ønska adferd - læraren er konsekvent i reaksjonsmønsteret - læraren har struktur og kontroll i timane - læraren gjev utrykk for varme og omtanke

Kriterium	*Teikn på god praksis*
Det er godt samarbeid heim skule	- foreldra er orientert om arbeidet med klasseleiing - klassemiljø vert drøfta med foreldra - foreldra får informasjon om arbeidet med klassemiljøet - foreldra bidreg i arbeidet med klassemiljø
Skulen er ein lærande organisasjon	- det er sett av tid til å drøfta klassemiljø - arbeidet med klassemiljø vert jamnleg evaluert - personalet er samde om kva god klasseleiing er - skulen har system og rutinar for arbeidet - leiinga støttar personalet i arbeidet

5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

<u>Klasseleiaren er tydeleg</u>

- *læraren møter presis*
- *læraren er godt førebudd*
- *læraren har tydeleg oppstart av timen*

Lærarane på Lægreid skule har arbeidd med klasseleiing og utarbeidd køyrereglar for dette arbeidet. Både lærarar og elever melder om lærarar som kjem presis til timane i intervjua.

- Dei fleste er veldig presise.
- Ja. Som oftast. Nokre få gonger er dei ikkje er presise. Kanskje når me har vikarar?

Det same såg me ved observasjon. Lærarane var på plass i klasseromma samstundes med elevane. Lærarane hadde plan for undervisinga og var tydeleg på at no startar timen. Rutinane verka kjende og innarbeidde for elevane. Det vart også presisert at det var viktig å ha tenkt gjennom oppgåver/arbeid dersom timen utvikla seg annleis enn planlagt.

- *læraren møter elevane med augnekontakt*

Elevane gjev tilbakemeldingar om at læraren møter dei med augnekontakt. Ei jente sa:

- Ho gjev oss blikket sitt.

Elles var tilbakemeldingane at læraren ser meg. Elevane hadde også observert at læraren pratar med alle.

<u>Det er eit godt klassemiljø</u>

- *elevane er trygge på lærar*
- *læraren er støttande til ønska adferd*
- *læraren har struktur og kontroll i timane*

St.meld. nr 31 – Kvalitet i skolen s. 26, er tydeleg på at læraren sin kompetanse og samspel med elevane er den viktigast faktoren i skulen som har noko å seia for elevane si opplæring. "*Dette er lærerens evner til å etablere et godt sosialt miljø, skape ro og orden i undervisningssituasjonen, legge vekt på læring, gi variert undervisning og gode tilbakemeldinger, samt å samarbeide godt med hjemmene."*
Elevane på Lægreid skule var i elevintervjua svært tydelege på at dei var trygge på lærarane sine. Dei svara ja på spørsmålet utan å nøla. Dei yngste elevane var kanskje litt usikre på lærarar dei ikkje kjende. Under observasjonane i klasseromma, opplevde me trygge elevar som arbeidde godt saman med lærarane sine. Foreldra gav tilbakemelding om det same.

Lærarane har system for positive tilbakemeldingar på ønska adferd. Dette er særleg tydeleg på barnesteget. Dei fleste klassane har eit eller anna system som støttar opp om positiv adferd. Det gjeld alt frå avanserte PMTO-system,

til enklare opplegg. Lærarane seier at desse systema gjer dei meir bevisste på å gje elevane positive tilbakemeldingar.
Elevane er bevisste på at lærarane har struktur og kontroll i timane. Dei merkar med ein gong om ein lærar slit med dette. Ei jente sa så reflektert at respekt er ikkje noko du får, det er noko du må gjera deg fortent til. Det er læraren som er den vaksne, og som legg premissane for klassemiljøet. Dei undervisingsøktene me observerte, såg me gode strukturar og lærarar som hadde kontroll.
Elevundersøkinga oppdatert 02.05.2011, stadfester desse funna. Elevane svarar at dei trivst saman med lærarane sine og at dei i mange fag har lærarar som gir dei lyst å jobba med faga.

- *læraren gjev utrykk for varme og omtanke*

I intervjua var elevane tydelege på at lærarane brydde seg om dei og gav uttrykk for varme og omtanke. På spørsmål om korleis du veit det, fekk me til svar:

- Ja, eg trur det og ser det på fjeset
- Ho merkar når me er lei oss

Det er godt samarbeid heim – skule

- *foreldra får informasjon om arbeidet med klassemiljøet*

På foreldremøtet fekk me tydeleg tilbakemelding på at foreldra var godt nøgde med informasjonen frå skulen. Kvar bolk på skulen har malar for vekeplanane, med god informasjon om læringsmål, lekser, andre aktivitetar og informasjon. Det vert gjennomført veketestar med oppfylging av læringsmåla, desse vert levert tilbake til eleven på måndag. Foreldre opplever at skulen gjev rask respons når dei tek kontakt. Ein kan ta kontakt både på telefon, e-post og SMS.

Skulen er ein lærande organisasjon

- *leiinga støttar personalet i arbeidet*

Lægreid skule fekk ny rektor hausten 2010. Som ny rektor er det mange oppgåver å ta tak i, og både tilsette, kommune, fylke og utdanningsdirektorat vil vera med å styra tida rektor har til rådvelde. Rektor på Lægreid skule får gode tilbakemeldingar frå personalet sitt. Utsegner på intervju med personalet:

- Eg føler at ho er ein god rektor.
- Høyrer på det eg seier og tek signal. Ho gjev meg ei kjensle av at me deler på ting, då vert det lettare å arbeida med tunge oppgåver.
- Får god tilbakemelding frå rektor og alle ynskjer tilbakemelding frå henne.
- Ho er synleg.

Rektor på Lægreid skule har stor støtte i personalet sitt. Alle tilsette ynskjer å verta sett for å gjera ein best mogeleg jobb. Tilsette sa at det var eit tydeleg ynskje at rektor observerte korleis lærarane gjennomførte klasseleiing i praksis, og ga lærarane tilbakemelding og oppfylging. For at rektor skal få tid til denne pedagogiske oppgåva, er det viktig at organisasjonen ryddar i oppgåvene til rektor/leiing. Kven gjer kva til kva tid!?

6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

<u>Kriterium: Klasseleiaren er tydeleg</u>

- *elevane får tydelege mål med timen*

Sidan ekstern skulevurdering i 2003 har skulen utvikla svært gode vekeplanar! Informerande, oversiktlege og med klare læringsmål for elevane i dei aller fleste faga. Vurderarane fann likevel framleis ein del gjere og øvingsmål på nokre av planane.

Konklusjon: Pass på formuleringa av måla, de er nesten der de skal vera!!

Kriterium: Det er eit godt klassemiljø

- *elevane er trygge på kvarandre*

Lægreid skule er ein liten skule i eit lite lokalsamfunn. Dette kan vera både positivt og negativt, det er enklare å ha oversikt over elevane, men elevane har få å velja mellom når dei skal finna seg venner. Dette kan føra til konkurranse og konfliktar mellom elevane, og i verste fall utstøyting og mobbing av enkelte elevar.
Skulen har fokus på dette ved at dei arbeider med programma "Zippys venner" og "det er mitt val".
Likevel kjem det fram i intervju med elevar, foreldre og tilsette at ikkje alle elevane er trygge på kvarandre.

Konklusjon: Gjennom arbeidet med klasseleiing og klassemiljø må også arbeidet mot mobbing halda fram!

- *elevar og lærarar meistrar arbeidsmåtane*

Stortingsmelding 31, "Kvalitet i skolen" kap.3, omhandlar kva som fremmar elevane si læring. Her vert samspel mellom lærar og elev, eit godt sosialt miljø, ro og tid til læring og tilbakemeldingar til elevane halde fram som viktige faktorar. Tilbakemelding til elevane korleis dei ligg an i høve til kompetansemåla er såleis ein viktig arbeidsmåte for læring.

Elevane her på skulen har kunnskap om ulike arbeidsmåtar, og er reflekterte på kva som motiverer dei til å læra.
Mellom anna nemner dei elevsamtalar og tilbakemeldingar, og her fortel dei om ulik praksis:

- Har hatt elevsamtale før konferansetimen.
- Det hadde me ikkje i fjor, men det håpar eg me får i år.
- 8. og 9. har ikkje hatt elevsamtale.
- Har ikkje peiling på korleis eg ligg an.
- Gode karakterar 5+, kort kommentarar. Men bør stå kva du skal læra og gjera for å få topp karakter.

Vurdering og tilbakemelding er såleis ein viktig arbeidsmåte i arbeidet med elevane si læring.

Elevsamtalen er ein viktig arena for dette. Her er ulik praksis, ungdomsskule-elevane gjev uttrykk for at dei saknar dette: håpar me får i år.
Gjennom samtalar med personalet kjem det fram at de eksisterer mykje "privat praksis" på dette området.

Konklusjon: Leiinga må sjå til at alle elevar får planlagde elevsamtalar ein gong i halvåret. Jfr. § 3-11 tredje ledd i Opplæringslova: *Eleven, lærlingen og lærekandidaten har minst ein gong i halvåret rett til ein samtale med kontaktlæraren eller instruktøren om sin utvikling i forhold til kompetansemåla i faga.*
I merknadane til paragrafen s. 304 står de tydeleg at ansvaret for denne elevsamtalen er lagt til kontaktlærar eller instruktør.

Kriterium: Det er godt samarbeid heim - skule

- *foreldra er orientert om arbeidet med klasseleiing*
- *foreldra bidreg i arbeidet med klassemiljø*

Opplæringslova §1-1 Formålet med opplæringa
Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen,……

Gjennom samtalar med foreldre, personalet og leiing fann vurderarane at foreldre i svært liten grad var involverte eller orienterte i arbeidet med klasseleiing.
På foreldremøte og konferansetimar vart dei orienterte om klassemiljøet til eleven, men i liten grad inviterte til å bidra.
Både foreldre og personalet var usikre på rollar og forventningar til klassekontaktane.

Konklusjon:
Klasseleiing: Her har skulen ein ressurs som dei ikkje nyttar seg av. Foreldra må orienterast om det arbeidet skulen har gjort, og gjerast til lagspelarar i det vidare arbeidet.
Klassemiljø: Skulen må avklara kva forventningar dei har til klassekontaktane. FAU kan gjerne få til oppgåve å utarbeida ei liste over korleis dei kan bidra til hjelp i arbeidet med td. betre klassemiljø.

Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon

- *det er sett av tid til å drøfta klassemiljøet*
- *arbeidet med klassemiljø vert jamnleg evaluert*

Lægreid skule har over tid satsa på arbeidet med å betra klassemiljøet på skulen. Ut frå samtalar med elevar, foreldre og tilsette har dette vore viktig for skulen å setja fokus på. Samtalane viser også at her er ein prosess på gang, men fokuset må haldast både av leiing og personalet. Foreldre må også i langt større grad involverast og ansvarleggjerast.

Hausten 2011 vart foreldre orientert om dette satsingsområdet, men har etter det i ulik grad vore informert og involvert.
Dette gjekk fram av samtalar med personalet og foreldre.

Arbeidet med klassemiljøet har i liten eller ingen grad vorte evaluert sidan det vart sett i gang, og køyrereglar vart utarbeidd.

Læreplanen,
prinsipper for opplæringa
"Skolen og lærebedrifta skal vere lærande organisasjonar og leggje til rette for at lærarane kan lære av kvarandre gjennom samarbeid om planlegging, gjennomføring og **vurdering av opplæringa**."

Utvikling av skulen omfattar både pedagogisk og organisatorisk praksis. Skular som lukkast i utviklingsarbeidet tek både pedagogiske og organisatoriske grep i retning av å verta lærande skular.

- **Kompetanseberetningen 2005: Lærer elever mer i lærende skoler**

Denne undersøkinga viser at skular som lukkast som lærande organisasjonar er i stand til å systematisk å vurdera og endra eigen praksis.

Konklusjon:
Lægreid skule med leiinga i spissen, må vera langt meir systematisk i arbeidet med evaluering av eigen praksis innafor arbeidet med klassemiljø. Det er ikkje nok å setja i gang eit arbeid, evaluering, val av det som fungerer og bortval av det som ikkje fungerer er vel så viktig.
Dette vert eit utviklingsområde for skulen, og her må også foreldra i langt større grad verta involverte.

Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon

- *personalet er samde om kva god klasseleiing er*
- *skulen har system og rutinar for arbeidet*

Personalet drøfta for ei tid sidan klasseleiing og klassemiljø, dette førte til utarbeiding av køyrereglar for Lægreid skule. Kvar "bolk" har laga strukturer for tiltak som skal syna att i klassemiljøet dette skuleåret. Gjennom intervju og observasjon finn vurderarane at dette arbeidet i stor grad syner att i klasseromma.
Likevel fortalde mange elevar om bråk og uro i klasseromma, ei jente fortalde at "eg får hovudverk og øyresus av alt bråket…"

Gjennom intervju med tilsette kom det fram at dei i liten grad hadde drøfta og vorte samde om det store biletet på god klasseleiing, og at **skulen** ikkje hadde system for arbeidet med oppfølging og evaluering av arbeidet.

Foreldra trekte og fram språkbruken mellom elevane som etter deira syn til tider var uakseptabel, og framsto som villige støttespelarar for skulen.

Dette syner at "god klasseleiing" ikkje syner att i heile organisasjonen. Forsking syner seg at i eit utviklingsarbeid må ein gå gjennom fleire fasar. Fyrst presentasjon av arbeidet, initiering. Neste steg er implementering, der deler av organisasjonen har teke det nye i bruk. Til slutt institusjonalisering, der utviklingsarbeidet har vorte ein del av kvardagen for alle i organisasjonen.

Konklusjon: Skulen må snarast rydda tid til evaluering av arbeidet med klasseleiing, gjerne på "bolkane", og i etterkant dela evalueringane med kvarandre i fellestida.
Skulen må også i langt større grad informera og inkludera foreldre i dette arbeidet og bruka dei som støttespelarar.
Leiinga må også laga eit system for oppfølging av satsingsområda som er lista opp i den pedagogiske verksemdsplanen, eit "årshjul" for kvalitetsutvikling.
Skulen har gjort mykje på dette området, evaluer og hald trykket!

7 - Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Eidfjord 10.11.11

Turid Solberg Mykkeltvedt Inger Sekse

Vedlegg 1

DELTAKARAR I VURDERINGA

Interne: 29 elevar, 15 lærarar, 4 assistentar, 14 foreldre og leiing.

Eksterne: Turid Solberg Mykkeltvedt og Inger Sekse

Tema for vurderinga var læringsmiljø med vekt på klasseleiing. Forskinga syner at det er nøye samanheng mellom elevane si læring og klassemiljøet. (Kompetanseberetningen 2005-lærer elever meir på lærende skoler og St.meld. 31 Kvalitet i skolen).

Vedlegg 2

Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

TIDSPLAN FOR VURDERING AV LÆGREID SKULE

Vurderingstema: LÆRINGSMILJØ MED VEKT PÅ KLASSELEIING
Vurderingspar : Turid Solberg Mykkeltvedt og Inger Sekse

TID	*AKTIVITET*	*ANSVAR*
August	Vurderingsveke fastlagt til veke 45	Skulen og vurderarane
August	Vurderingstema: Læringsmiljø med vekt på klasseleiing	Skulen
31.08.11	Formøte mellom vurderarar og leiinga på skulen kl. 14.15.	Vurderarane og skuleleiinga
September	Glansbilete for vurderingsområdet vert utarbeidd og sendt skulen 16.sept	Vurderarane

16. sept	Skulen får tilsendt tidsplan og brev til foreldre med invitasjon til foreldremøte. Det vert kalla inn to klassekontaktar frå kvar klasse. Tidsplanen bør presenterast for dei tilsette.	Vurderarane og rektor
30. sept	Glansbiletet vert drøfta av dei tilsette på Lægreid skule. Skulen sender melding om at dei godkjenner glansbiletet innan 30.09	Rektor og vurderarane
Veke 43	Skulen sender ut informasjon om ekstern vurdering. Skulen sender invitasjonen til foreldremøtet vidare til klassekontaktane (to frå kvar klasse). Skulen kallar inn alle tilsette til framlegging av rapport torsdag 3. okt kl. 14.15 – 15.15. Det er viktig at skuleeigar er representert.	Rektor
06.11.11	Arbeidsmøte vurderarar, førebu samtaleguidar og foreldremøte	Vurderarane
Veke 45	Informasjonsmøte med dei tilsette måndag morgon kl. 8.15 på pauserommet?? Rektor gjev tilbakemelding om behov Samtale med rektor/leiing kvar dag kl 15.30 Måndag 07.11.11 Kl 9.30 – 15.30 Intervju med elevar / tilsette kl 18.00 – 19.00 Foreldremøte i mediateket Tysdag 08.11.11 Kl 9.30 – 14.05 Observasjon Kl 14.15 – 15.30 Intervju med tilsette Onsdag 09.10.11 Vurderingsgruppa arbeider med rapporten evt observasjon på skulen. Torsdag 10.10.11 Kl. 13.30 – 14.00 Samtale med rektor/leiinga Kl. 14.00 – 14.15 Tilrigging Kl. 14.15 – 15.15 Presentasjon av rapporten for personalet, ordførar og rådmann.	Rektor legg til rette. Vurderarane treng eit rom til disposisjon. Rektor lagar grupper og set opp tidsplan for intervjua Rektor set opp tidsplan for observasjon
Veke 46	Rapporten/dokumentet vert sendt elektronisk til skulen og skuleeigar. Skulen får også alle resultat av samtalar elektronisk. Den offisielle delen av rapporten vert sendt til	Vurderarane

	kompetanseregionen og vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida.	
Innan 2. des	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Inger Sekse.	Rektor og Inger Sekse

Ekstern skulevurdering, observasjon og grupper til intervju.

Veke 45: Startar med informasjon til tilsette måndag kl. 08.15 på pauserommet.

Time	**Måndag**	**Tysdag**	**Onsdag**	**Torsdag**	
08-30 – 10-00		2. klasse bading			
10.00 – 10.10	Pause	Pause	Pause	Pause	
10.10 – 10.55		8. klasse og 10. klasse har kroppsøving	5. klasse ikkje observasjon		
10.55 – 11.40 Matpause og TL	Elevane går ut kl. 11.10.	Elevane går ut kl. 11.10.	Elevane går ut kl. 11.10.	Elevane går ut kl. 11.10.	
11.40 – 13.10		3. og 4. klasse ikkje observasjon. 10. klasse, ikkje observasjon.	5. klasse ikkje observasjon		
13.10 – 13.20	Pause	Pause	Pause	Pause	
13.20 – 14.05					
14.15 – 15.30 18.00	Intervju tilsette Intervju føresette på mediateket	Intervju tilsette		**Presentasjon av rapporten for alle tilsette på mediateket**	

3. klasse passar ikkje med observasjon.

Grupper til intervju:

Elevane måndag 7. nov. på møterom i 2. etg. Ca 30 min. pr. gruppe
Gruppe 1, kl. 09.30: 1. og 2 klasse
Gruppe 2, kl. 10.10: 3. og 4. klasse
Gruppe 3, kl. 10.40: 8. og 9. klasse
Gruppe 4, kl. 11.40: 10. klasse

Gruppe 5, kl. 12.10: 5. og 6. klasse
Gruppe 6, kl. 12.45: 7 klasse

Tilsette på møterom i 2. etg.
Gruppe 1: Måndag kl. 14.15: lærarar
Gruppe 2: Tysdag kl. 14.15: lærarar
Gruppe 3: Tysdag kl. 15.00: assistentar

Vedlegg 3

Dette sa elevane

Klasseleiaren er tydeleg	- Møter læraren presis? - - Er læraren godt førebudd til timen? - - Er det tydeleg start på timen? - - Ser læraren deg? - - Veit de kva de skal læra i timane? - - Får de vita korleis de skal arbeida? - - Kan de mange ulike arbeidsmåtar? -
Det er eit godt klassemiljø	- Er de trygge på kvarandre? - - Er de trygge på lærarane? - - Får de ros når de oppfører dykk fint? - - Veit de kva som skjer om de gjer noko gale? -

	- Har lærarane kontroll i timane? - - Gjev læraren uttrykk for omtanke? -
Det er godt samarbeid heim skule	- Veit foreldre at de arbeider med klassemiljøet - - Snakkar de om korleis de har det i klassen med dei heime - - Snakkar de om klassemiljøet når de og dei heime har møte med læraren? -
Skulen er ein lærande organisasjon	- er det arbeidsro i alle timane?

Dette sa foreldra

Dette er Lægreid skule flinke til	
Dette kan Lægreid skule verta betre til	
Dette kan me som foreldre verta flinkare til	
Det er godt samarbeid heim skule	- Er foreldra orientert om arbeidet med klasseleiing? - - Drøftar skulen klassemiljøet med foreldra? - - Får de informasjon om korleis

	skulen arbeider med å betra klassemiljøet? - - Vert de som foreldre invitert til å vera med i dette arbeidet? -
Det er eit godt klassemiljø	- Er elevane trygge på kvarandre? - - Er elevane trygge på lærarane -

Dette sa personalet

Klasseleiaren er tydeleg	- Møter læraren presis? - - Er de godt førebudde? - - Er det tydeleg oppstart på timane? - - Møter læraren elevane med augnekontakt? - - Får elevane tydelege mål med timen? - - Får elevane tydelege instruksjonar? - - Meistrar elevar og lærar abeidsmåtane? -
Det er eit godt klassemiljø	- Er elevane trygge på kvarandre? - - Er elevane trygge på lærar? - - Er læraren støttande til ønska adferd? - - Er læraren konsekvent i reaksjonsmønsteret? - - Har læraren struktur og

	kontroll i timane? - - Gjev læraren utrykk for varme og omtanke? -
Det er godt samarbeid heim skule	- Er foreldra orientert om arbeidet med klasseleiing? - - Vert klassemiljø drøfta med foreldra? - - Får foreldra informasjon om arbeidet med klassemiljøet? - - Bidreg foreldra i arbeidet med klassemiljø? -
Skulen er ein lærande organisasjon	- Vert arbeidet med klassemiljø jamnleg evaluert? - - Er personalet samde om kva god klasseleiing er? - - Har skulen system og rutinar for arbeidet? - - støttar leiinga personalet i arbeidet? -

Vedlegg 4

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Elevinformantane har kontaktlærarane plukka ut, dette for å sikra best mogeleg kvalitet på intervjua. Rektor har sett opp grupper av personale som vart intervjua etter skuleslutt.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar. Dei tomme samtaleguidane ligg som vedlegg 3.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid. Difor har vurderarane hatt møte med rektor måndag 07.11.11 og tysdag 08.11.11. På desse møta har rektor fått informasjon frå intervju med elevar og personale, og frå foreldremøtet.

Observasjon

Vurderarane observerte undervising i alle klassane frå 2.- 10. klasse ut frå teikna i glansbiletet. Det vart også observert i friminutt og i overgangen frå friminutt til undervising.